



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sætremyrane naturreservat i Hornindal kommune
Forvaltingsplan



Rapport nr. 8–2012


ISBN 82-92777-33-6 ISSN 0803-1886



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgåver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, på sosialsektoren, overfor kommunane og innan sivil beredskap. Vi er om lag 100 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: fmsfpost@fylkesmannen.no Internett: <http://www.fylkesmann.no/sfj/>
www.miljostatus.no/sognogfjordane/

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rapport nr. 8 - 2012

Forfatter Johannes Erik Anonby (Fylkesmannen) på basis av framlegg frå Helge Fjeldstad (Miljøfaglig Utredning)	Dato 24.sept. 2012
Prosjektansvarleg Nils Erling Yndesdal	Sidetal 44
Tittel Forvaltingsplan for Sætremyrane naturreservat i Sogn og Fjordane	<i>ISBN 978-82-92777-33-6</i> <i>ISSN 0803-1886</i>
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Naturvern
Samandrag <p>Føremålet med forvaltingsplanen er å</p> <ul style="list-style-type: none">- vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om reservatet og naturtypen.- klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området.- gje grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for nature-reservatet. <p>Siktemålet med forvaltinga er å ta vare på den levande og naturlege dynamikken i naturreservatet, heller enn å konservere eit statisk landskapsbilete. Fylkesmannen opnar for hogst i nærare definerte bestand der tresetnaden ikkje har spesiell pedagogisk verdi i høve til soneringar på høgmyr. Kulturminne knytte til gammal torvindustri er særskilt omtalt. Prioriterte skjøtselsretta tiltak i planperioden er:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Fjerning av gran.2. Fjerning av boss3. Mogleg restaurering etter tidlegare inngrep. <p>Forvaltinga prioriterer elles å få gjort ei myrfagleg karakterisering og kartfesting av dei ulike delane av myrkomplekset, gjerne kopla til utgreiing om geologi og danningshistorikk, likeins å få etablert ei lang-siktig overvaking av vegetasjon, myrstrukturar og naturprosessar, og verknader av inngrep og påverkna-der. Kulturminnefagleg undersøking bør inngå i dette. Fylkesmannen vil oppmuntre vidare naturregist-reringar i naturreservatet, både vitskaplege og i form av t.d. skuleekskursjonar som kan bidra til ny kunn-skap om artsmangfald m.m. Fylkesmannen ønskjer at det vert etablert ein eigna plass for informasjon ved den planlagde, nye fylkesvegen gjennom Hornindal.</p>	
Emneord 1. Naturvern 2. Myr 3. Forvaltingsplan 4. Biologisk mangfald	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Forord

Sætremyrane naturreservat vart formelt oppretta ved kongeleg resolusjon av 18. juni 2004 gjennom ein tematisk verneplan for 20 myrreservat i Sogn og Fjordane. Etter § 6 i verneforskrifta kan forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for dette. Eit viktig spørsmål er også kva grunneigaren har lov til, t.d. når det gjeld hogst.

Miljøfaglig Utredning as v/ Helge Fjeldstad (2006) utarbeidde på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga, eit første framlegg til forvaltingsplan for Sætremyrane naturreservat i Hornindal kommune, og der grunneigar Oddvin Nyhagen gav verdfulle opplysningar m.a. om bruks-historia i området.

Framlegget vart sendt på høyring til grunneigarane, kommunen og nokre andre relevante adressatar. Det kom merknader berre frå kommunen. I samband med grensemerkinga, og etter møte med grunneigarane, såg Fylkesmannen at det trongst større endringar i planen. Det gjaldt ikkje berre trongen for å ha med fleire viktige tema som informasjon, tilrettelegging, forskning og undervisning. Fylkesmannen har i mellomtida fått fjerna lastebilvraka som var omtalte i det første dokumentet. Reservatgrensa vart endra 21.3.2012 slik at eit grøfta område i sørvest vert halde utanom reservatet. På det overordna nivået har miljøvernstyresmaktene i seinare år arbeidd med å vidareutvikle forvaltingsplan som verk-tøy, ikkje minst ved å innføre "bevaringsmål" som eit viktig omgrep. Med det vert det lagt vekt på at ein forvaltingsplan skal bidra til både å presisere ulike element i verneføremålet, og å vise korleis forvaltingsstyresmakta vil overvake og måle tilstanden, og om verneføremålet faktisk vert oppfylt. Naturmangfaldlova av 2009 set krav til alle vedtak som vedkjem naturmangfald, både i og utanfor verne-område, ikkje minst når det gjeld kunnskap. Som følgje av at så mange premissar er endra, er forvaltingsplanen mykje endra i høve til dei tidlege framlegga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltingsstyresmakt for reservatet inntil anna eventuelt vert vedteke. Johannes Anonby har vore Fylkesmannen sin kontaktperson overfor Miljøfaglig Utredning, og er også den som har forfatta dette dokumentet frå Fylkesmannen, der delar av grunnlagsdokumen-tet frå Miljøfaglig Utredning er bakt inn. Han har også teke nokre av fotografia, m.a. på framsida. Dei andre fotografia er frå Miljøfaglig Utredning. Forvaltingsplanen som no er endeleg godkjend av Fylkesmannen vert lagd ut på www.fylkesmannen.no.

Leikanger, 24.9.2012

Nils Erling Yndesdal

Innhald

FORORD.....	4
INNHALD.....	5
1 INNLEIING.....	7
2 NATURVERDIANE I SÆTREMYRANE.....	8
2.1 Naturfaglege registreringar.....	8
2.2 Generelt om forvaltning av naturverdiar knytte til myr.....	8
2.3 Tilstand, tidlegare bruk og inngrep i Sætremyrane.....	9
2.4 Naturkvalitetar i Sætremyrane – utdjuping av verneføremålet.....	18
2.4.1 ”...eit større myrområde i låglandet...”.....	18
2.4.2 ”...høgmyr og eit stort spekter av myrtypar ...”.....	18
2.4.3 ”...naturleg plante- og dyreliv...”.....	19
2.4.4 Kva tyder det ”å ta vare på” eit myrområde ?.....	21
2.5 Tilrådingar frå Miljøfaglig Utredning.....	22
2.6 Naturkvalitetar i Sætremyrane – forvaltingsmål og bevaringsmål.....	23
3 BRUKARINTERESSER.....	26
3.1 Skogbruk.....	26
3.1.1 Status for skog og skogbruk.....	26
3.1.2 Gjeldande reglar.....	27
3.1.3 Forvaltingsmål.....	27
3.1.4 Retningsliner for skogbruk i Sætremyrane naturreservat.....	28
3.2 Jordbruk (beiting).....	30
3.2.1 Status.....	30
3.2.2 Gjeldande reglar.....	30
3.2.3 Forvaltingsmål.....	30
3.2.4 Retningsliner for beiting i Sætremyrane naturreservat.....	30
3.3 Deponiareal.....	31
3.3.1 Status.....	31
3.3.2 Forvaltingsmål.....	31
3.4 Kulturvern.....	31
3.4.1 Status.....	31
3.4.2 Gjeldande reglar.....	32
3.4.3 Forvaltingsmål.....	32
3.5 Friluftsliv.....	33
3.5.1 Status.....	33
3.5.2 Gjeldande reglar.....	33
3.5.3 Retningsliner for friluftsliv i Sætremyrane naturreservat.....	33
3.6 Motorferdsel.....	34
3.6.1 Status.....	34
3.6.2 Gjeldande reglar.....	34
3.6.3 Retningsliner for motorferdsel i Sætremyrane naturreservat.....	34
3.7 Uføresette interesser og interessekonfliktar.....	35
4 TILTAK FOR Å FREMJE VERNEFØREMÅLET.....	36
4.1 Generelt.....	36
4.2 Skjøtselstiltak prioriterte av forvaltingsstyresmakta.....	36
4.2.1 Tiltak i prioritert rekkjefølgje.....	36
4.2.2 Ansvarsfordeling og ressursinnsats for å gjennomføre tiltaka.....	37

5	TILRETTELEGGING, INFORMASJON, FORSKING OG UNDERVISNING	39
5.1	Stiar, skilting og informasjon.....	39
5.2	Forsking og undervisning	40
5.3	Prioriterte tiltak som gjeld forsking, undervisning og informasjon.	42
6	LITTERATUR.....	44

1 Innleiing

Vern av areal med særlege naturverdiar er i Noreg regulert av naturmangfaldlova av 19.6.2009, som frå 1.7.2009 avløyste naturvernlova. Føremålet med vern er å sikre at kvalitetane i naturen vert tekne vare på for framtida. Vern som naturreservat (§ 37) er den strengaste verneforma, og vert m.a. brukt for område som inneheld truga, sjeldan eller sårbar natur, område av ein bestemt naturtype, er viktig for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Sætremyrane naturreservat i Hornindal vart, som del av verneplan for myr i Sogn og Fjordane, oppretta ved Kgl.res. 18.6.2004. Føremålet med vernet er, slik det er skriva i § 2 i verneforskrifta:

Å ta vare på eit større myrområde i låglandet, med høgmyr og eit stort spekter av myrtypar med naturleg plante- og dyreliv”.

Verna areal var på ca 401 dekar i Kgl.res., men vart ved grenseendingsvedtak 21.3.2012 redusert til 388 dekar. Reservatet er eit slakt, nordvendt myrområde ved elva Honndøla, sjå vedlegg 2.

Verneforskrifta (sjå vedlegg 1) gjev ramma for forvaltingsplanen. I verneforskrifta står det kva som er forbode, kva som utan vidare er tillate og kva som krev løyve frå forvaltingsstyresmakta for å kunne gjennomførast. Eit eventuelt løyve til skjøtsel i reservatet kan ikkje gå ut over dei rammene som er gjevne i verneforskrifta. Det er også viktig å merkje at forvaltingsplanen ikkje gjev heimel til å påleggje grunneigarane eller andre å utføre skjøtsel.

Eit hovudsiktemål med det første framlegget til forvaltingsplan, utarbeidd av Miljøfaglig Utredning, var å gje miljøfagleg funderte råd om kva som var akseptabelt eller ønskjeleg av hogst, som eit viktig underlag for erstatningsoppgjeret. Tilrådingane frå Miljøfagleg Utredning vart lagde til grunn i erstatningssaka, og er tekne til følgje i denne forvaltingsplanen som Fylkesmannen no legg fram, og som vert utgjeven i Fylkesmannen sin rapportserie. Vurderingane og tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning er samla som eige kapittel i denne planen, for å tydeleggjere kva som er deira vurdering. Også dei andre kapitla er i varierende grad baserte på rapportframlegget frå Miljøfaglig Utredning.

I dette framlegget frå Fylkesmannen er forvaltingsplanen utvida med tema som i liten grad var omtalte av Miljøfaglig Utredning. Det gjeld viktige spørsmål som skilting og annan informasjon, tilrettelegging for allmenta, forskning og undervisning.

Revisjon av forvaltingsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i røynsler og vurderingar av konsekvensar av utførte skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltingsplanar vert reviderte kvart 10. år.

2 *Naturverdiane i Sætremyrane*

2.1 *Naturfaglege registreringar*

Kunnskapen om dei naturfaglege verdiane i naturreservatet byggjer på fleire kjelder:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt framlegg til verneplan for myr (Anonby 2001).
- Notat av J. Anonby, 2002: Verneplan for myr i Sogn og Fjordane – registreringar av alternativ-lokalitetar.
- Forvaltingsplan-utkast frå Miljøfaglig Utredning (2006), basert på Helge Fjeldstad og G. Gaarder si synfaring i området 4.7.2005.
- Dei kommunevise registreringane av kulturlandskap utført av dåverande Sogn og Fjordane distriktshøgskule (Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal kommune (1990), s. 40-42).
- Skogtakst for naturreservatet, utarbeidd av Sogn og Fjordane Skogeigarlag 2005 som lekk i erstatningssaka er også ein del av det biologiske grunnlagsmaterialet, og den kartfeste inndelinga av ulike skogbestand er ein viktig geografisk referanse for skjøtselsråd.

Miljøfaglig Utredning (Fjeldstad 2002) si kartlegging av biologisk mangfald i Hornindal kommune inneheld ikkje nye opplysningar om lokaliteten.

2.2 *Generelt om forvaltning av naturverdier knytte til myr*

Variasjonsbreidda og artsmangfald på myr, og myr som økosystem, er grundig omtalt i framlegget til verneplan for myr i Sogn og Fjordane (Rapport nr. 1 -2001 frå Fylkesmannen). For ulike myrtypar og vegetasjonstypar på myr, viser vi til Singsaas og Moen (1995). Ein føresetnad for myrdanning er at det vert tilført meir vatn enn det som fordampar. Ein får då mange stader eit høgt grunnvassnivå som gjev grunnlag for spesielle levetilhøve og i neste omgang spesielle økosystem med sine særegne artar. Alle typar tiltak som påverkar mengd eller kvalitet på tilført vatn vil kunne få store verknader på økosystemet, og myrar er difor svært sårbare for endringar av vassstilførsla.

Særleg har myrar vore utsette for grøfting, anten det er medvitne gravearbeid tilknytte jordbruksdrift eller vegbygging, eller meir tilfeldig og lokal utgrøfting som følgje av terrengtransport av skogsvirke eller vassdragssenkingar. Det er grunn til å understreke at for myra er det den samla verknaden av eit inngrep som er viktig, ikkje om tiltaket skjer medvite eller ikkje, direkte eller indirekte. Ein god forvaltingsplan må difor leggje vekt på å tryggje den naturlege vassstilførsla til myra.

Kvaliteten på vatnet har også mykje å seie. Ei nedbørsmyr får av naturen berre tilført vatn via nedbør, og for slik myr vil tiltak som tilfører mineralrikt vatn frå terrenget rundt vere øydeleggjande. Det same gjeld sjølvsgatt om lausmassar, jord, ulike typar næringsstoff m.m. vert tilført myra. Difor er nedbørsmyrar også svært sårbare for luftureining, ikkje minst tilføring av nitrogen, noko som rett nok er vanskeleg å gjere noko med lokalt. Jordvassmyrar er noko mindre sårbare for tilført mineralmateriale, men også desse kan bli øydelagde eller få sterkt redusert verdi t.d. når næringsrikt sigevatn frå jordbruk eller kloakk kjem ut på myra. Slike myrar er i tillegg utsette for avskjering av naturleg mineralrikt sigevatn frå landskapet rundt, t.d. ved grøfting av vasshaldig skogsmark eller bygging av vegar.

I forvaltingsplanen bør ein difor søkje å hindre tiltak inntil myra som kan føre til at næringsinnhaldet og kvaliteten på vatnet som kjem inn på myra vert endra.

Myr har i lang tid vore brukt til ulike formål av folk. Døme på slik bruk er jernutvinning, torvtekt, slått og beite. Fleire av desse gamle, tradisjonelle bruksmåtene reknar vi i dag som verneverdige, og det kan i ein forvaltingsplan vere ønskjeleg å sikre bruken, sjølv om dette kanskje fører til at myra som økosystem blir noko forstyrra samanlikna med kva som hadde vore naturleg. Av spesiell interesse er myrslåtten, som stort sett tok slutt for minst 50 år sida. Saman med m.a. uttak av ved førte dette til at myrane vart meir opne, samtidig som ein tok ut næringsstoff frå myra. Fleire småvaksne planter knytte til rikmyr tente truleg på dette, og har i nyare tid vore i tilbakegang som følgje av opphøyr av myrslåtten. Også mange våtmarksfuglar var tente med dette, sidan dei ofte trivst best i opne landskap med lågvaksen vegetasjon. Oppattaking av tradisjonell slått og rydding av buskar og tre kan difor vere eit aktuelt spørsmål i forvaltingsplanar for fleire myrreservat. Det same gjeld husdyrbeite, men der må ein vege moglege positive verknader av beitet på vegetasjonen opp mot det som kan vere meir negative verknader i form av trakkskadar og tilføring av næring frå husdyrgjødsel.

Skog som står ute på eller i kanten av myrar er ei spesielt stor utfordring for forvaltinga, ikkje berre fordi skogsdrifta kan gje skadar på marka og på den måten gå ut over myrverdiane. Det kan også vere sjølvstendige miljøverdier knytte til skogen. Dette gjeld ikkje minst der ein har fuktig skog, som myrskog og sumpskog, med sine spesielle naturtilhøve og artsmangfald. Ikkje minst har mangfaldet i rike sumpskogar vist seg sterkt truga av skogsdrift i nyare tid, der både flatehogst og grøfting har øydelagt svært mange miljø. Lenger aust i Norden er det kjent at skogsholmar ute på store myrar kan ha eit spesielt verdifullt mangfald som følgje av lite skogbrann og/eller vanskeleg tilgjenge for skogsdrift, men dette er nok ei lite aktuell problemstilling i Sogn og Fjordane. Derimot kan det ikkje utelukkast at det finst t.d. insektartar som trivst spesielt godt i soleksponerte, seintvaksande eller daude tre som står i kanten eller ute på myr. Dette er nok spesielt aktuelt der ein har innslag av gammal furumyrskog.


Ei langsiktig, miljøvenleg forvalting av naturverdiane på og inntil myr inneber både at ein kjenner verdiane godt, og tek omsyn til dei. Verdiane vil skifte ut i frå ulike miljøtilhøve og historisk bruk, og omsyna må difor tilpassast kvart einskilt område.

2.3 Tilstand, tidlegare bruk og inngrep i Sætremyrane

Sætremyrane naturreservat ligg i Honndalen på sørsida av elva. Området hallar slakt mot nord, ned mot Honndøla. Det ligg dyrka mark på oversida av reservatet mot sør. Det er ein del skog i reservatet. Den sentrale høgmyra er tresett med glissen furumyrskog, og i kantane i sør og aust inngår noko furuskog på fastmark.

Det stod tidlegare ein torvstrøfabrikk på myra, og restar etter skinnegang, torvhus og torvhesjer er no interessante kulturminne. Fabrikken og historia om den skildra av (Sætren, 2001), Drifta starta i 1910 då eit aksjeselskap vart stifta, og heldt fram til ut på 1950-talet. Skinnegangen, som er om lag 200 m lang, går på det som truleg har vore den opphavlege myroverflata, og som no står att som ei smal stripe mellom lågare myrflater (dvs. dei breie uttaksgrøftene) på sidene. Frå denne sentrale stripa går det ut fleire liknande stripar med visse mellomrom, tilnærma vinkelrett. Det er dei gamle side-driftsvegane, der torva vart trilla på trillebår langsetter torvhesjene inn til skinnegangen. Svillene som skinnene var festa til har no for det meste rotne eller vorte vekke i torva, men restar kan sjåast nokre stader. Sætren (2001) fortel at uttaksgrøftene kunne vere 1,2 -1,5 m djupe. Samansøkking og minerali-

sering av den attstående, opphavlege torva har truleg gjort at høgdeskilnaden er mindre no. Nærare oppmåling av høgdeskilnader og torvdjupner, både i uttaksgroftene og den attstående torva, vil ventleg kunne fortelje mykje både om kor store mengder som er tekne ut og om kor mykje torvlaga – og med det heile myra – har endra seg som følgje av dette.




Skisse av Storelada med skjenegangen som førte inn til andre etasje der torvstrøriveren var plassert.

Torvstrøfabrikken, slik han ein gong stod. (kjelde: Sætren, 2001)

I nedste enden av skinnegangen, i området der torvhuset stod, ligg det att ein del metallrestar m.m. i terrenget. Litt aust for det regelmessige skjelettet av attstående torvstriper er eit stort og djupt hòl i myra, med ope vatn i botn. Sjølv om det har mindre regelmessig form, har det mest truleg samanheng med torvtekt, og dreneringsløp snor seg frå dette hòlet og til området med regulært mønster etter uttak. Hòlet er så djupt at delar av botnen (eller delar av vegetasjonen der) truleg har tilgang til mineralhaltig grunnvatn, noko som kan forklare ein liten førekomst av flaskestorr på ei tue.

Sætren (2001) skriv at det nede ved storelada (torvstrøfabrikken) også var «svært god svart brenntorv, men diverre låg ho djupt nede og var tung å få tak i. Men slik torv brann utruleg godt». Opplysninga ber bod om at det også har vore større eller mindre uttak av brenntorv, uavhengig av torvstrøproduksjonen, og at ein då rimelegvis har gått djupare ned. Det store hòlet kan såleis godt vere resultat at brenntorvuttak frå lang tid attende. Førekomsten av brenntorv ved torvstrøfabrikken kan skuldast at dei øvre torvlaga her var fjerna til torvstrø, men kan like gjerne ha samanheng med ei naturleg overgang mot jordvassmyr og fastmark i nedre del av høgmyra, med meir omdanna torv.

Langs skinnegangen, og til dels utover i torvuttaksfeltet på sidene, er det noko furuskog, noko som truleg har samanheng med auka opptøking og mineralisering av torv som følgje av uttaket.



Skisse over Sætremyrane der Storelada, småladene, skjenegangen og diverse hjelpemiddel er teikna.

Skisse av torvlada med system av smålader, skjenegang, side-driftsvegar m.m, (kjelde: Sætren, 2001)



Høgmyra (frå norgebilder.no). Litt til venstre for midten av bildet ser ein attstående torvstriper som rette liner. Det store hølet i myra er synleg som ein gulaktig flekk lenger til høgre.



Skinnegangen, over restane av ei lita klopp. Foto: Johannes Anonby, 16 sept. 2011.



I området der torvhuset stod ligg det att ein del metallskrap i terrenget. Sett i samanheng kan desse tinga gje interessant historisk informasjon, og dei skal difor ikkje fjernast utan at kulturminnestyresmaktene har gjeve samtykke, etter ei nærare undersøking. Foto: Johannes Anonby, 16. sept. 2011.



Tydeleg skilje mellom (side-)driftsveg av attstående, høg torv (stripa innover i bildet til venstre) og lågare myr-
flate etter torvuttak. Foto: Johannes Anonby 16. sept. 2011.



Det store hølet i myra, sett frå vest. Eksisterande kraftline er også synleg. Foto Johannes Anonby, 16. sept. 2011.

Det går ei kraftline i nord-sør-retning gjennom reservatet, i austre delen av den store høgmyra. Ei tidlegare kraftline som gjekk gjennom området nede ved elva er no teken vekk. Ein bekk gjennom området er graven ut for å drenere. På grensa av naturreservatet, ovanfor den store høgmyra, er det fylt ut ein del stein og jord i minerotrof myrkant. Gran er planta inn, både på fastmark langs Honndøla og også inne på myra langs ein utgraven bekk.

Sætremyrane er delt av eit gjerde, og vert beita av storfe. Skog har vore hogd gjennom lange tider, og det står att lite gammal furuskog i reservatet. Dei eldste partia ligg sentralt i aust der det er noko vanskeleg tilgjengeleg. Langs dyrkamarka i sør er skogen ung. I torvuttaksområdet er det også relativt ung furuskog, som truleg har vorte favorisert av opptørking og mineralisering. Nede ved elva ligg ei utløe. Ved laggen i sør stod det (fram til 2009) to lastebilvrak inne i reservatet.

Rett nord for det store hølet i høgmyra står eit gammalt jakttårn av tre. Dette er eit framandelement som ikkje har kulturhistorisk interesse, og grunneigaren har sagt seg samd i at han kan fjerne det.

Grunneigar Oddvin Nyhagen (pers. meld.) fortel at myrane ikkje har vore slegne, men berre beita.

I sørvest vart det i tida kring 2000 grave ei rad med grøfter med kort avstand, noko som har gjeve oppslag av tett skog av unge furutre. Då dette grøftfeltet er sterkt prega av inngrep, vart det etter ei særskild høyring teke ut av naturreservatet i form av eit grenseendingsvedtak i Direktoratet for naturforvaltning 21.3.2012. Fylkesmannen har, uavhengig av vernestatus, reist spørsmålet om grøftene burde fyllast att, som eit tiltak for å restaurere myr, både for å ta vare på bunde karbon, og for å attskape myr som naturbiotop.



Grøfteområdet i sørvest, som vart teke ut av reservatet ved grenseendring.



Eit av lastebilvraka som vart fjerna i 2009.



Tett granbestand ved Honndøla



Jakttårn. Biletet er teke mot NV. Foto: Johannes Anonby, 16. sept. 2011.



Eit av gjerda som står i reservatet

2.4 *Naturkvalitetar i Sætremyrane – utdjuiping av verneføremålet*

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit større myrområde i låglandet, med høgmyr og eit stort spekter av myrtypar med naturleg plante- og dyreliv.

2.4.1 *”...eit større myrområde i låglandet...”*

Myr er ein vanleg naturtype i Noreg, også i Sogn og Fjordane, og er det framleis, sjølv etter lang tid med ulike tørrleggingstiltak og omdisponering til ulike føremål. Fordelinga av myrarealet er derimot svært ujamn. Dei største myrarealet finst i høgareliggjande nivå, både av di det er der tilhøva ligg best til rettes for myrdanning, men også av di myr i kalde område med korte somrar er mindre attraktive som dyrkingsjord m.m. Myr i låglandet – det vil på Vestlandet seie boreonemoral eller sørboreal sone – finst stort sett berre som små og sporadiske flekker når ein ser vekk frå dei ytre stroka mot kysten. Dei indre fjordane og dalane, som har eit anna klima og difor andre vilkår for både myrdanning og artssamfunn enn kysten, har myr som naturleg dannar overgangsformer mot meir kontinentale myr på Austlandet.

Storleiken på samanhengande myrreal er viktig både for å få danna velutvikla myrformer og strukturar på ulike skalaer, og for å gje rom for levedyktige førekomstane av artar og artssamfunn tilpassa myr, sjå nedanfor.

2.4.2 *”...høgmyr og eit stort spekter av myrtypar ...”*

Sørvest i Sætremyrane naturreservat finst det som liknar ei ”eksentrisk høgmyr”. ”Konsentriske høgmyr” i snever tyding (dvs. med både lagg og kantskog, og med konsentriske kjeder av ”høljær” og tuer kring eit høgdepunkt nær midten) finst neppe i Sogn og Fjordane. Dei førekomstane som truleg kjem nærast, nemleg Kloppemyrane i Gloppen og Eikevolltjønmyra i Flora, har vore karakteriserte som overgangsform mellom konsentrisk høgmyr og atlantisk høgmyr.

Det ombrotrofe (dvs. nedbørsmyr-) partiet sørvest i Sætremyrane har, på same måte som ei eksentrisk høgmyr, høgste punktet nær øvste enden, som her ligg i sør. I sørkanten renn ein lagg vestover, omgjeven av tre både på fastmarksida og myrsida. Laggen har til dels rikmyr-vegetasjon. På same måten som i Kloppemyrane og Eikevolltjønmyra manglar også denne høgmyra tydelege høljærstrukturar, som skulle ha gått parallelt med høgdekotane. Ei tenkjeleg forklaring kan vere at vestlandsklima gjev større overflateavrenning, med sterkare erosjon som går på tvers av høgdekotane og difor hindrar danning av dei ”klassiske” høljærstrukturane. I Sætremyrane må ein også rekne med at det store uttaket av torv til torvstrøfabrikken, og som skjedde i sentrale delar av høgmyra, må ha skipla det som måtte ha vore av strukturar, då mykje av den opphavlege overflata er vekke.

I Noreg har eksentrisk høgmyr vore rekna for å vere avgrensa til søraustlege delar av landet. Eit interessant spørsmål er om høgmyrsystemet sørvest i Sætremyrane kan karakteriserast som ein vestlandsvariant (eller overgangsform) av eksentrisk høgmyr noko parallelt til det som Kloppemyrane er når det gjeld konsentrisk høgmyr. Dette bør undersøkjast nærare av kvalifiserte personar. Moen & al. 2001 a

og Moen & al. 2002 , som er bidrag til faggrunnlag for høvesvis høgmyr i kontinentale strok og oseanisk nedbørsmyr, gjer nærare greie for desse typane. Pr. i dag er det usikkert korleis høgmyra i Sætremyrane skal klassifiserast i høve til desse kategoriane, men det er verdt å merkje seg at myrar i overgangssonene mellom kyst- og innlandsklima er av dei som er tilrådd å undersøkje nærare.

Eit iaugnefallande, breitt og djupt høl i den omtalte høgmyra har vore omtalt som eit spor av den tidlegare torvindustrien, men det kan vere feiler . Det er i alle høve truleg laga av menneske, og kan godtvere eldre enn sjølv det regulære uttaket til torvstrøfabrikken, eller det kan ha vore eit tiltak for å auke dreneringa. Både av naturhistoriske og kulturhistoriske omsyn er det ønskjeleg at det vert arbeidd meir med å skilje mellom kva som er kulturspor og kva som er naturlege strukturar. Slike undersøkingar vil også kaste lys over i kva grad fråveret av høljestrukturar kan forklarast med det store uttaket til torvstrø., Furuskogen som har vakse opp i torvstrø-uttaksområdet har truleg samanheng med auka tørrlegging og mineralisering i samband med uttaket, og er såleis neppe heilt naturleg.

Aust for den omtalte høgmyra går ein bekk mot nordvest, og med store flatmyrar rundt, ikkje minst på nordaustsida. Desse flatmyrane vert kryssa av eit gjerde, der austsida vert nytta til beite. Søraust for dette er to høgmyr-kvelvingar, og eit parti med storvaksen furuskog på varierende torvdjupne. På nordaustsida av Harevadgrova er ei planmyr som mot kantane gradvis går over i jordvassmyr (flatmyr). Mot aust er denne myra avgrensa av ein markert avsats, og oppå den ligg ei ny myr som strekkjer seg vidare austover , og som får vatn frå ein markert grusrygg, i meir eller mindre tydelege kjeldeframspring. Denne siste myra er til dels intermediaær (dvs. intermediaær mineralrikdom, altså med ein flora som ligg på skalaen mellom fattig og rik).

2.4.3 ”...naturleg plante- og dyreliv...”

Den store høgmyra sørvest i reservatet har ein glissen furumyrskog og er dominert av bjønnskjegg med lyngartar og reinlav på tuene. På oversida og nedsida av høgmyra går det rikmyrsig med artar som bukkeblad, breiull, tvibustorr, myrsaulauk, bjønnbrodd, kornstorr, flaskestorr m.v. Her finst og den austlege arten sivblom. Siga går over i fastmattemyrrar som er dominerte av duskull og bjønnskjegg.

Aust for den store høgmyra ligg det eit område med blåbærfuruskog omgjeven av myr. Furuskogen verkar ganske gammal og har førekomst av 6-8 furugaddar. Furuskogen har potensiale for verdfulle insekt og vil med tida òg ha potensiale for verdfulle vedbuande sopp. I furuskogen veks det i tillegg bjørk og gråor. Langs bekken Harevadgrova står det noko gråorskog med innslag av gråorgadd. Gråorskogen har potensiale for verdfulle lavartar. Stadvis står det noko gråorskog langs Honndøla, men her er det planta gran som skuggar ut gråora. Det er plukka ut noko furu i reservatet i nyare tid, særleg i aust. Generelt verkar furuskogen ung i utkantane av reservatet og det er lite daud ved. Eit mindre område er avverka ved elva i aust. Området blir beita av storfe.



Lagg på sørsida av høgmyra, med rikare flora, med m.a. breiull, tvibustorr og myrsaulauk

Liste over artar er å finne i Anonby (2002). I motsetnad til dei fleste andre myrreservata i Sogn og Fjordane har aldri Sætremyrane vore undersøkt av mosekunnige botanikarar i felt. Dette er truleg grunnen til at det registrerte artstalet for torvmosar (13) i dette reservatet er mindre enn i mange av dei andre myrreservata. Ein må vente at reservatet huser fleire artar, både av torvmosar og andre mosar, som ikkje er registrerte. Det kan såleis vere ønskjeleg med ei nærare botanisk undersøking, med vekt på mosefloraen, noko som gjerne kan kombinerast med ei grundigare hydromorfologisk kartlegging (dvs. kartlegging av hall og strøymingsretningar, og grenser mellom ulike myrformer).



Gråorskog ved Harevadgrova

Det er ikkje funne spesielt sjeldsynte eller raudlista myrplantartar i dette naturreservatet, og såleis er det ikkje planteartane isolert sett, så langt vi kjenner til, som utgjer dei største verneverdiane.

Dyrelivet er ikkje undersøkt, og tilgjengelege opplysningar er reint anekdotiske. Av fugl er det notert toppmeis og stjertmeis. Frosk er observert; likeins den vanlege augestikker-arten *Aeshna juncea*.

2.4.4 Kva tyder det ”å ta vare på” eit myrområde ?

Tidlegare naturvernlov, og noverande naturmangfaldlov, har som utgangspunkt at naturreservat er område som skal skjermast mot inngrep på ein slik måte at naturen kan leve fritt etter sine egne lover. I si reindyrka form er dette derimot sjeldan tilfelle, og lovreglane baserer seg då heller ikkje på at all bruk eller menneskeleg nærvær skal ta slutt når eit område vert verna. Eitt viktig unntak er menneskeleg bruk som gjer så lite skade i høve til nytteverdiane, at samfunnet ikkje ønskjer å stoppe han. Eit anna unntak er der det allereie er gjort ulike inngrep som må rettast på eller ryddast opp for at området skal kunne få attende meir av den ønskje naturtilstanden.

Eit kanskje endå sterkare avvik frå ”osteklokke”-idealet har vi dersom sjølve *verneføremålet* er avhengig av ein viss bruk eller påverknad for å kunne oppfyllest. Mest utprega er dette dersom eksplisitte kulturlandskap eller kulturskapte element inngår i verneføremålet. Grensa mellom kulturlandskap og naturlandskap er derimot ikkje lett å trekke. I og med at historisk bruk har vore tilnærma allestadnærverande i Noreg, kan det ofte vere vanskeleg å avgjere om dei einskilde miljøverdiane i naturen finst *på grunn av, trass i, eller uavhengig av*, menneskeleg påverknad.

Dette spørsmålet er også aktuelt for verna myrområde. Både hogst, beiting og myrslått har påverka myrane, og kan ha ein del å seie for korleis myrane ser ut og utviklar seg. Om framhald av slike bruksformer er ønskjeleg, eller jamvel naudsynt, er ikkje alltid like opplagt. Ulike artar og artssamfunn har ulike miljøkrav. T.d. er rikmyr under skoggrensa truleg i stor grad avhengig av slått for at ikkje tre og buskar skal gro opp og fortrenge mange av dei spesielle rikmyr-artane. Trevegetasjon på myr er eit komplisert tema. Under nokre tilhøve vil trea kunne øydeleggje torv-voksteren ved å kvele mosane i lauv- og nålestrø, og/eller ved å suge til seg vatn slik at torva tørkar opp. Under andre tilhøve kan det sjå ut som tresetnaden er eit meir eller mindre stabilt karaktertrekk, som ikkje er noko trugsmål, men tvert om ein viktig del av myr-økosystemet. Uttak av torv bidreg til lokalt auka opptørking og mineralisering av tilstøytande torv, noko som kan favorisere trevokster. Dette ser ein også teikn til i Sætremyrane.

Myrar, og kanskje særleg dei mest fattige, endrar seg relativt lite over tid samanlikna med ein del andre naturtypar. Det gjer det også vanskelegare å sjå om systemet faktisk er relativt stabilt, eller er i ein langsam endringsprosess. Kanskje er det snakk om meir eller mindre sykliske endringar, anten som ei følge av indre, sykliske prosessar, eller ytre faktorar som klimaendringar, menneskeskapte eller naturlege.

Fylkesmannen vil ha som utgangspunkt at det å ta vare på den naturlege dynamikken i eit myrområde er ein viktig del av verneføremålet, og at noko av målet med opprettinga av eit myrreservat er å sjå og lære korleis eit myrkompleks lever og utviklar seg naturleg. Ikkje minst gjeld dette eit område som Sætremyrane, der sjølve myrtypane (myrformene) er det mest sentrale vernemotivet. Dersom det syner

seg at viktige artar eller artssamfunn, eller karakteren på myrkomplekset, er avhengig av aktive skjøtselstiltak for å verte tekne vare på, må forvaltingsstyresmakta setje i verk dei tiltaka som trengst.

2.5 *Tilrådingar frå Miljøfaglig Utredning*

Miljøfaglig Utredning oppsummerer naturverdiene i Sætremyrane punktvis slik:

1. Generelt vurderer Miljøfaglig Utredning kulturlandskapsverdiene i reservatet som små.
2. Det er naturverdiar knytte til skog, både sumpskog og gammal furumyrskog.
3. Det er verdiar knytte til artsmangfaldet på myra, særleg karplantar, men det er og potensiale for verdfulle førekomstar av artar frå andre organismegrupper som lav, sopp og insekt.
4. Det er verdiar knytte til myrtypen. Sætremyrane er ei klassisk høgmyr med kantskog og lagg. Slike myrar er sjeldsynte i Sogn og Fjordane. Det er og innslag av rikmyrsig og kjelder.

Miljøfaglig Utredning tilrår følgjande retningsliner for forvaltinga av Sætremyrane:

1. All hogst føreset eigen søknad, og kan berre godkjennast under føresetnad av at han ikkje gjev større skadar på markvegetasjonen. Det må ikkje køyrast i reservatet, og virket må vinsjast ut. Unntak frå dette kan gjelde i samband med uttak av større granbestand.
2. Vernereglane er ikkje til hinder for beite, jfr § 4 punkt 5, men Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av naturreservatet. Dette vert aktuelt om det skulle oppstå klare teikn på trakksskadar eller hard nedbeiting av verdfull vegetasjon.
3. Innførte artar som gran bør hoggast ned innafor heile området. Dette gjeld utan nærare restriksjonar ut over dei som er oppgjevne i punkt 1.
4. Daude tre skal ikkje ryddast vekk, men få liggje i ro på staden.
5. Ved hogst skal ikkje standarden setjast lågare enn den som gjeld etter "Levande skog" med revisjonar. Etter dagens regelverk inneber dette m.a. at det vert sett av kantsoner 10-15 m mot vassdrag og myr. Lukka hogstar må nyttast ved hogst i overgangssona mot fastmark. Det er generelt forbode å hogge i sumpskog. Ved avverking i furuskog skal det praktiserast naturleg forynging, og generelt skal det alltid setjast att minst 5-10 livsløpstre pr ha. Livsløpstrea vert valde blant dei eldste trea i bestandet, sjå vidare på <http://www.levendeskog.no/pdf/gronn.pdf>. I myrreservatet skal det nyttast 15 m kantsoner, og hogst vert ikkje tillate i kantsona mot myr.
6. Reservatet skal synfarast av biolog minst kvart 10. år for å sjekke m.a. tilstanden på myra inkludert eventuell attgroing av myra, attvekst av gråorskog attmed elva, og tilstanden for andre miljøverdiar. Det skal setjast i verk tiltak viss det oppstår fare for øydelegging av verneverdiane.
7. Alle tiltak som fører til grøfting, drenering og anna øydelegging av myr er forbode.

Miljøfaglig Utredning vurderer moglege trugsmål og trong for skjøtsel slik:

Området er i attgroing, særleg i utkantane, fordi beitetrykket er redusert. Sentralt på høgmyra er ikkje attgroing noko stort problem. Den grana som er planta trivst, og særleg nede ved Honndøla er ho i ferd med å skugge ut gråorskogen. Det vart òg registrert mindre sjølvspredde graner fleire stader i reservatet. Med tida kan grana endre samansetninga av vegetasjonen i reservatet og det er difor viktig å ta denne ut før frøspreiinga tek til for alvor. Grana bør fjernast, og ein må òg følgje med og fjerne

oppslag av gran som spreier seg frå granplantingar i nærleiken. Tilrådingar for dei einskilde bestanda med gran:

Gnr./Bnr./Tnr. 202/1/1

Bestand 4: Det er planta små gran i dette bestandet som delvis er hogd. Granplantane bør fjernast så snart som mogleg.

Bestand 5: Grana i bestandet bør hoggast og takast ut i løpet av 3-5 år. Av omsyn til marka bør dette gjerast på frosen mark.

Gnr./Bnr./Tnr. 202/2/2

Bestand 1: Grana i bestandet bør hoggast og takast ut i løpet av 3-5 år. Av omsyn til marka bør dette gjerast på frosen mark.

Bestand 2: Grana i bestandet bør hoggast og takast ut i løpet av 3-5 år. Av omsyn til marka bør dette gjerast på frosen mark.

I vest er det i nyare tid grave ei L-forma grøft som drenerer vatn ut av myra. Denne kan føre til at torva vert omdanna og dei næraste areala veks til med skog. Grøfta må difor fyllast att i løpet av ein 5-årsperiode for å redusere skadar på myra . *Fylkesmannen sin merknad: Dette området vart ved grenseendring i 2012 utelate frå reservatet. Eventuell restaurering er såleis i staden eit spørsmål attskaping av natur utanfor verneområde, t.d. knytt til klimatiltak.*

Dei to lastebilvraka som står att innafor reservatet bør fjernast *Fylkesmannen sin merknad: Dette vart gjort i 2009.* Kulturminnestyresmaktene bør definere kva som er kulturminne slik at andre restar etter aktivitetar i reservatet eventuelt kan fjernast.

Miljøfaglig Utredning legg til grunn at ambisjonar og ressursar til skjøtsel og andre aktive, kostnads-krevjande tiltak for å fremje verneføremålet må haldast på eit middels nivå, d.v.s. faste, årlege tiltak og ein gjennomsnittleg innsats som ligg ned mot 3-5 dagsverk pr. år.

2.6 *Naturkvalitetar i Sætremyrane – forvaltingsmål og bevaringsmål*

Naturmangfaldlova gjev i § 33, i form av åtte bokstavpunkt, mål for områdevern. Dei er såleis også dei overordna måla for Sætremyrane, og dannar saman med andre krav i naturmangfaldlova grunnlaget for dei forvaltingsmåla og bevaringsmåla som Fylkesmannen med dette set opp.

Forvaltingsmål:

- Forvaltninga av Sætremyrane naturreservat skal leggje vinn på å forbetre kunnskapen om dei sentrale elementa i verneføremålet, både når det gjeld nærare hydromorfologisk karakterisering og kartlegging, gjerne kopla til geologisk skildring, og kunnskap om artar og artssamfunn i reservatet. Dette vil auke kvaliteten både på forvaltninga og formidlinga til allmenta, og danne betre grunnlag for å formulere bevaringsmål enn det vi har i dag. Eit viktig grunnlag for formulering av langsiktige bevaringsmål vil m.a. vere å få utstrekninga av ulike myrtypar avgrensa på kart.

- Oppbygging av kunnskap om naturlege eller menneskeskapte endringar eller suksesjonar i eit myrkompleks som dette er interessant, og Fylkesmannen vil difor arbeide for etablering av høvelege system og prosedyrar for langsiktig overvaking som kan gje tilfredsstillande haldbare resultat.
- Forvaltingsstyresmakta vil tilstreve å avklare kor djupe torvlag som er fjerna, kva for former og strukturar i naturreservatet som er spor av tidlegare bruk, utnytting og inngrep, og kva som skuldast naturlege prosessar.

Basert på den kunnskapen vi har i dag, har Fylkesmannen sett opp følgjande

Bevaringsmål:

- I naturreservatet skal vassnivå, grunnvass-straumar og opne vassløp ikkje vere endra som følgje av menneskeleg aktivitet eller tiltak i reservatet eller i nærområda til reservatet. Spor av inngrep eller framandelement som vert påviste skal difor dokumenterast, og som hovudregel slettast/fjernast.
- I naturreservatet skal vasskjemien ikkje vere endra som følgje av menneskelege, fysiske tiltak i reservatet eller nærområdet til reservatet. Spor av inngrep eller framandelement som kan påverke vasskjemien skal difor dokumenterast, og som hovudregel slettast/fjernast. For eventuell påverknad frå langtransportert luftureining (SO₂, NO_x etc.) skal det derimot ikkje gjerast freistnader på reparasjonstiltak i reservatet, av di naturreservatet vil ha verdi som referanseområde for nettopp å overvake slike verknader, og av di lokale mottiltak lett kan gjere meir skade enn gagn på verneverdiane.
- I naturreservatet skal land- og terrengformer vere i naturleg tilstand, dvs. slik dei er forma av istida og seinare kvartærgeologiske og biologiske prosessar. Inngrepsspor eller framandelement som innverkar på utsjånad og fysisk karakter skal difor dokumenterast, og som hovudregel slettast/fjernast.
- I naturreservatet skal det ikkje førekome ”framande organismar” slik dette er definert i naturmangfaldlova. Særleg viktig er det at slike framande organismar ikkje førekjem i livsstadium som reproduserer seg og/eller er til påviseleg skade eller fortrengsel for stadeigne organismar eller miljø.
- Dei stadeigne artane og artssamfunna som finst i reservatet skal ikkje forsvinne, med mindre førekomsten i reservatet er avhengig av ureining eller annan uønskt menneskeleg påverknad. Som eit minimumsmål på kva artar som finst i reservatet skal nyttast artslistene til Anonby (2002).

For alle bevaringsmåla ovanfor gjeld viktige unntak dersom a) inngrepsspora eller framandelementa er kulturhistorisk interessante, eller b) fjerning/sletting krev inngrep som kan gjere like stor skade på

verneføremålet som ved å ikkje gripe inn, eller c) påverknaden vert vurdert som viktig for å ivareta verneføremålet (i den grad dette femnar om kulturavhengige element).

Tilstanden i høve til bevaringsmåla ovanfor skal på ”oversiktsnivå” følgjast ved hjelp av tilgjengelege flyfoto, og på ”punktnivå” (dvs. når det gjeld einskildartar og små punktførekomstar) noterast og/eller fotodokumenterast på staden. Artar med svært få og små førekomstar i reservatet bør om mogleg koordinatfestast. For hydrologiske eller vasskjemiske tilstandsvurderingar trengst nærare faglege råd og/eller metodeutvikling. Tilstandsvurdering av mangfald av artar og artssamfunn kan skje i form av ei biologisk undersøking kvart 10. år slik Miljøfaglig Utredning tilrår. Den konkrete framgangsmåten bør utviklast i meir detalj når tida kjem, ut i frå tilgjengeleg kunnskap.

3 Brukarinteresser

3.1 Skogbruk

3.1.1 Status for skog og skogbruk

Opplysningar om bonitet, tilvekst, vyrkesvolum m.m. vart gjort av Sogn og Fjordane Skogeigarlag kort tid etter vernevedtaket, som grunnlag for fastsetjing av økonomisk erstatning. Eit samandrag av dei bestandsvise opplysningane er synt i tabell nedanfor.

Den stadeigne skogen, som femnar om både furu og bjørk, har lenge vore utnytta, då terrenget er lett tilgjengeleg for hogst og drift på godt vinterføre. Gran har vorte planta inn, særleg på fastmarka langs Honndøla. Desse granene har vakse seg til tette bestand som tevlar med den stadeigne skogen.

Sjølvsådde småplantar av platanlønn er påvist i nedbørsmyr-tuer i planmyra nordaust for Harevadgrova. Sjølv om dei truleg ikkje vil vere livskraftige nett der, vil dei kunne hevde seg godt i andre delar av reservatet. Arten har neppe stor verdi for økonomisk skogbruk i området, men er eit stort miljøproblem som framand art i ukontrollert spreiding på Vestlandet.

Nokre stader i naturreservatet er bekkeløp kunstig oppgravne, anten det er for å fremje skogvokster eller beiteverdi eller begge delar. Desse tiltaka har truleg gjeve delar av området meir skog enn det som er naturleg.

Potensialet for økonomisk skogbruk i naturreservatet er sterkt redusert som følge av vernestatusen. Det gjeld både forbodet mot treslagskifte, forbodet mot planting (også av stadeigne artar), forbodet mot hogst, og strenge krav til eventuell køyring over myrane. For utnyttinga av skogen er det difor eit springande punkt om det er miljøfaglege argument for eit visst uttak av tre (sjå nedanfor).

Skogtakst for naturreservatet vart utarbeidd av Sogn og Fjordane skogeigarlag v/Dag Aamot som lekk i erstatningssaka. Skogtaksten inneheld eit kart som syner avgrensinga av dei ulike skogbestanda, og opplysningar om bonitet, treslag, kubikkmasse m.m. på desse. Denne inndelinga av reservatet i ulike skogbestand er lagt til grunn i forvaltingsplanen. Frå bestandsoversikta kan det trekkjast fram følgjande nøkkeltal, sjå tabellen nedanfor:

Utdrag frå bestandsoversikt for Sætremyrane naturreservat, utarbeidd av Dag Aamot sommaren 2005. Volum og tilvekst er oppgjeven i m³ og areal i dekar. Bestandsnummer 0.45 er "andre markslag". Gnr= gardsnummer, Bnr = bruksnummer og Tnr=teignumner.

Gnr.	Bnr.	Tnr	Bes- tand	Areal	Boni- tet	H.kl	Alder	Volum	Til- vekst
201	3	1	0,45	5,2	Andre	-	-	-	-
201	3	1	1	11,0	8	51	110	93	2,2
201	3	1	2	6	8	52	110	34	0,6
202	1	1	0,45	163,0	Andre	-	-	-	-

202	1	1	1	4,2	11	51	100	50	1,3
202	1	1	2	12,5	11	51	100	60	1,2
202	1	1	3	3,2	14	51	100	39	1,0
202	1	1	4	9,7	11	51	130	82	1,9
202	1	1	5	11,2	14	51	130	193	3,4
202	1	1	6	27,0	11	51	130	338	5,4
202	1	1	7	5,0	11	51	130	52	1,0
202	1	1	8	8,2	11	51	130	88	1,6
202	1	1	9	6,8	11	41	80	58	2,0
202	1	1	10	4,8	11	41	60	35	1,4
202	2	1	0,45	24	Andre	-	-	-	-
202	2	1	1	9,0	11	51	120	80	2,5
202	2	1	2	9,5	11	51	120	112	1,9
202	2	1	3	8,5	8	21	5	-	-
202	2	2	0,45	31,0	Andre	-	-	-	-
202	2	2	1	12,3	20	41	80	165	6,1
202	2	2	2	8,0	11	51	120	93	1,6
202	2	2	3	19,0	14	51	130	383	5,7

3.1.2 Gjeldande reglar

Verneforskrifta har i utgangspunktet eit forbod (i § 3) mot å fjerne plantar og dyr og å gjere inngrep som kan endre naturmiljøet, men gjev i § 5 forvaltingsstyresmakta heimel til å tillate ” 3. Hogst av gran, og naudsynt motorferdsel i samband med dette”, og ” 4. Hogst og utdrift av andre treslag i samsvar med vedteken skjøtselsplan, jf. § 6” .

Erstatningssaka etter opprettinga av naturreservatet vart løyst i form av forlik mellom staten og grunn-eigarane, der staten gav erstatning for tapt skogproduksjon. Forliket inneheldt ikkje nærare spesifiserte føresetnader om skogbruk ut over dei som ligg i sjølve verneforskrifta.

Hornindalsvassdraget er verna mot kraftutbygging. Rikspolitiske retningsliner (RPR) for verna vassdrag gjeld difor, både når det gjeld krav til sjølve kantsona mot Honndøla, og ivaretaking av naturverdiar i nedbørsfeltet. Dei nemnde retningslinene inneber neppe restriksjonar ut over dei som ligg i verneforskrifta for naturreservatet, og venteleg vil omsynet til det verna vassdraget vere godt ivareteke dersom naturreservatet vert forvalta i samsvar med måla i naturmangfaldlova.

3.1.3 Forvaltingsmål


Som det går fram av verneforskrifta, og kap. 2.2. ovanfor, er det eit mål å ta vare på Sætremyrane naturreservat i mest mogleg naturleg tilstand. Pr. i dag er det neppe mogleg å slå fast om myra som landform og naturtype er best tent med at all skog får stå urørt, eller at det vert drive eit visst uttak av tre. Det er kjent at skog har evne til å utkonkurrere myrvegetasjon og gjere ende på torv-vokster, ved uttørring av torva og/eller at mosesjiktet vert kvelt av strø frå trea. I kva grad det vil skje i det einskilde

myrområda, eller om miljøfaktorane på staden gjev rom for stabil sameksistens, er ikkje lett å avgjere. Tresetnad er i alle høve ein naturleg del av svært mange myrkompleks, og har viktige biologiske funksjonar. Det bør derimot løpande vurderast om oppvoksteren av furuskog i det gamle torvstrøuttaksområdet utgjer trugsmål mot denne delen av myra, og om eventuelt uttak av tre i dette området kan vere eit ønskjeleg eller naudsynt tiltak for å hindre vidare opptørking av sentrale delar av høgmyra.

I fråvær av sikker kunnskap om kva som vil skje i eit myrområde som vert overlate til fri utvikling, har Miljøfaglig Utredning gjeve bestandsvise tilrådingar for Sætremyrane, basert på at hogstuttaket ikkje skal gripe avgjerande inn i karakteren og funksjonen til skogen i verneområdet. Rett nok er det pr. i dag neppe økonomisk interessant å drive den forma for skogbruk, slik at hogstuttak i Sætremyrane dei næraste åra truleg vil vere avgrensa til skjøtselstiltak i regi av forvaltingsstyresmakta, spesielt fjerning av framande artar. For grunneigarane kan det likevel vere viktig å ha høve til å ta ut trevyrke om dei vil. Så lenge det ikkje ligg føre klare miljøfaglege argument for noko anna, bør difor dei retningslinene fungere som rettesnor, i form av fleirårige dispensasjonar.

3.1.4 Retningslinjer for skogbruk i Sætremyrane naturreservat

Bestandsinndeling og -nummer går fram av bestandstakst utarbeidd av Sogn og Fjordane Skogeigarlag v/Dag Aamot, vist på kartet nedanfor, sjå også tabellen ovanfor.



Oversikt over Sætremyrane naturreservat, med skogbestand innteikna av Sogn og Fjordane skogeigarlag v/Dag Aamot. Granplantingar er synte med grønt, medan bestand der Fylkesmannen opnar for hogst (plukkhogst) er synte med gult (kart laga av Miljøfaglig Utredning). Merk at grøfta heilt i sørvest etter grenseendinga 21.3.2012 ikkje lenger ligg i naturreservatet.

Miljøfaglig Utredning sette som føresetnad for å tillate hogst at retningslinene i kap. 2.6. vert følgde. Generelt vil skogen mellom elva og myra fungere som ei kantsone etter m.a. Levande skog standarden, og med unntak av granbestanda må det ikkje hoggast i denne delen av reservatet. I aust er det allereie hogd ein del, og eit avgrensa uttak kan tillatast når vi trekkjer frå kantsona til myr og elv. Sentralt i reservatet rett vest av Harevadgrova er det to større bestand med gammal høgreist furuskog, bl.a. med fleire gaddar som har potensiale for insekt. Det er viktig å ta vare på denne kvaliteten og difor vert det frårådd hogst her. Vidare mot sør er det viktig å bevare kantsona mot den store høgmyra. Laggen som ligg på sørsida av myra er eit viktig kjenneteikn på slike myrar og det er særskilt viktig å setje att skog som sikrar dei naturlege prosessane på og inntil myra.

Gnr./Bnr./Tnr. 201/3/1

Bestand 1: Bestandet ligg mellom myr og elv. Basert på Levande skogstandarden skal det setjast av ei kantsone på minst 30 m til saman. Dette inneber at berre om lag 3 daa av bestandet er eigna for hogst. Hogst av furu og lauv vert tillate etter søknad, under følgjande føresetnader (strekpunkt 1-5):

- Hogsten skal ikkje gje større skadar på markvegetasjonen, i følgje kapittel 4.1 punkt 1.
- Hogst av stadeigne treslag vert tillate først etter at innførte artar som gran er hogde.
- Hogst av eldre lauvtre (diameter over 30 cm i stubbeavskjer) vert ikkje tillate.
- Det må nyttast lukka hogst og attsettjing av minst 30 tre pr daa.
- Maksimalt uttak er 3 m³ for ein tiårs-periode (i gjennomsnitt 0,3 m³ i året).

Bestand 2: Bestandet ligg inntil myra. Basert på Levande skogstandarden skal det setjast att ei kantsone på 15 m. Hogst av furu og lauvtre er tillate etter søknad, under følgjande føresetnader (strekpunkt 1-5):

- Hogsten skal ikkje gje større skadar på markvegetasjonen, jfr. kapittel 4.1 punkt 1.
- Hogst av stadeigne treslag vert tillate først etter at innførte artar som gran er hogde.
- Hogst av eldre lauvtre (diameter over 30 cm i stubbeavskjer) vert ikkje tillate.
- Det må nyttast lukka hogst og attsettjing av minst 30 tre pr daa.
- Maksimalt uttak er 3 m³ for ein tiårs-periode (i gjennomsnitt 0,3 m³ i året).

Gnr./Bnr./Tnr. 202/2/2

Bestand 3: Bestandet ligg inntil myra. Basert på Levande skogstandarden skal det setjast att ei kantsone på 15 m mot myra og Harevadgrova. Hogst av furu og lauvtre er tillate etter søknad, under følgjande føresetnader (strekpunkt 1-5):

- Hogsten skal ikkje gje større skadar på markvegetasjonen, jfr. kapittel 4.1 punkt 1.
- Hogst av stadeigne treslag vert tillate først etter at innførte artar som gran er hogde.
- Hogst av eldre lauvtre (diameter over 30 cm i stubbeavskjer) vert ikkje tillate.
- Det må nyttast lukka hogst og attsettjing av minst 30 tre pr daa.
- Maksimalt uttak er 20 m³ for ein tiårs-periode (i gjennomsnitt 2 m³ i året).

For dei andre bestanda vert det ikkje opna for hogst i forvaltingsplanperioden (med unntak av eventuelle tiltak igangsette av forvaltingsstyresmakta, t.d. for å fjerne eventuelt sjølvsådd gran eller platanlønn). Dette gjeld altså : **Gnr./Bnr./Tnr. 201/3/1:** Bestand 0,45; **Gnr./Bnr. 202/1:** Heile; **Gnr./Bnr./Tnr. 202/2/1:** Heile; **Gnr./Bnr./Tnr. 202/2/2:** Bestand 0,45, 1, 2.

I heile naturreservatet kan grunneigarane fritt fjerne gran eller platanlønn frå eigne eigedomar, men drift som vil kunne setje spor i terrenget skal takast opp med forvaltingsstyresmakta i førekant.

3.2 *Jordbruk (beiting)*

3.2.1 *Status*

Beitebruken har venteleg vore sterkare tidlegare, og det er i dag noko attgroing med tre i myrkantane. Ein del av myra, aust for eit gjerde på eigedomen 202/1, vert i dag nytta som beite for storfe.

3.2.2 *Gjeldande reglar*

Verneforskrifta seier i § at forbodsreglane ikkje er til hinder for ” 5. *Beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av naturreservatet*”.

Dette inneber at det ikkje er restriksjonar på beiting. Om det skal leggjast slike restriksjonar, vil det måtte skje i form av ei særskild forskrift, som må sendast på formell høyring, og der naturmangfaldlova sine reglar om økonomisk erstatning gjeld.

3.2.3 *Forvaltingsmål*

Fylkesmannen vil ikkje føreslå noka eiga beiteforskrift for Sætremyrane med mindre det syner seg å vere trong av omsyn til verneføremålet. I og med at beitinga i utmark generelt er redusert i vår tid, er auka trevokster og attgroing av tidlegare kulturlandskap eit gjennomgåande fenomen – og til dels problem. Myrar, spesielt jordvassmyrar, vil normalt få kraftigare tresetnad i fråvær av slått eller beiting, noko som i varierende grad kan utgjere trugsmål mot artar og artssamfunn, eller jamvel mot sjølvføresetnadene for levande torvmosesjikt. Det er difor gode grunnar til å rekne med at beiting kan vere positivt for myrområdet. Likevel kan beiting også ha negative konsekvensar. Mange myrtypar er slitasjesvake, slik at dei toler lite trakk før plantedekket og torvmosesjiktet vert øydelagde. Spesielt langs gjerde kan slitasjonen verte stor. Beiting kan vidare gå ut over visse planteartar som dyra liker spesielt godt. Sjølv om nedbørsmyr er lite attraktivt som beite, kan dyr som beiter i nærleiken bruke nedbørsmyr som ferdselsveg eller opphaldsstad, og leggje att ein del gjødsel. I og med at nedbørsmyr er tilpassa svært låge nitrogen-nivå, vil dette kunne skape merkbare endringar dersom det får noko omfang. Trong for gjerde, og i kva grad desse er i konflikt med verneomsyn, er også eit element ved vurdering av beiting.

Då myr er sårbar for slitasje, er det ikkje aktuelt å gje løyve til motorferdsel på barmark, t.d. for å hente sjuke dyr.

Fylkesmannen sitt forvaltingsmål for beiting i Sætremyrane naturreservat er at beiteressursen gjerne kan utnyttast, så lenge det ikkje er til påviseleg skade for verneverdiane, eller dersom nytteverdien for viktige vernemotiv er større enn eventuelle skadeeffektar.

3.2.4 *Retningsliner for beiting i Sætremyrane naturreservat*

I og med at beiting ikkje er regulert av verneforskrifta, kan forvaltingsstyresmakta neppe påleggje brukarane å melde frå om t.d. planar om auka dyretal, andre dyreslag eller om å ta nye areal i bruk til beiting. Oppsetjing av gjerde må det derimot søkjast om. Då forvaltingsstyresmakta og brukarane har

ei felles interesse i å unngå negative effektar som kan utløyse nye restriksjonar, vil Fylkesmannen like fullt oppmode om at brukarane informerer om planar om endringar som kan føre til auka slitasje etc. i naturreservatet. Verknadene av eksisterande beiting bør vere eit tema for overvaking.

3.3 *Deponiareal*

3.3.1 *Status*

Sjølvs om alle former for massedeponering er forbode i Sætremyrane i dag (med heimel i verneforskrifta, og i mange tilfelle også etter anna lovverk) er dette ei brukarinteresse som fortener omtale. Myr og våtmark i tilknytning til busetnad og dyrka mark har tradisjonelt vore ein enkel plass å gjere av ulike former for boss og overskotsmassar. Med betre utvikla system for bosshandtering, betre regelverk og auka miljømedvit har dette endra seg, men mange naturområde syner spor av korleis dette tidlegare vart praktisert. I Sætremyrane stod det på vernetidspunktet 2 utrangerte lastebilar. Forvaltingsstyresmakta fekk i 2009 kosta fjerning av dei, noko som skjedde med helikopter, for å ikkje risikere å rive opp myroverflate/mosedekke ved alternativ utvinsjing på frosen mark.

På nordsida av sagbruket er det dumpa ein del stein- og grusmassar i tidlegare myrområde, og eigarane hadde ønske om å kunne halde fram med å tømme sagflis der. Då den eksisterande fyllinga ligg så langt ut på myra at ho truleg verkar inn på det naturlege lagg-systemet, vart delar av fyllinga inkludert i naturreservatet, slik at det skulle vere mogleg å tilbakeføre delar av dette dersom det skulle syne seg ønskjeleg og mogleg.

3.3.2 *Forvaltingsmål*

Fjerning av tidlegare inngrep og framandelement som har lege nokre år og ”naturalisert seg” kan i nokre tilfelle innebere ny uroing og sår i markdekket i ein grad som tilseier at ein bør late det liggje. For fyllinga nord for sagbruket (dvs. den delen som ligg i naturreservatet) ønskjer Fylkesmannen å få ei fagmessig utgreiing av kva fyllinga eventuelt har å seie for den naturlege hydrologien og prosessane i myra. Om dei bør fjernast eller ikkje, kjem an på kva som best tener verneføremålet.

For andre typar (mindre) framandelement i naturreservatet er eit viktig spørsmål om dei kan ha verdi som kulturminne (sjå nedanfor). Dersom det er tvil, må dei få liggje inntil eventuell kulturverdi er avklara. I alle høve bør dei koordinatfestast.

3.4 *Kulturvern*

3.4.1 *Status*

I kulturlandskaps-registreringsrapporten for Hornindal (SFdh 1990) har den store høgmyra vest i reservatet status som ”modellområde 5: Sætremyrane”, med ”kulturmarkstype: Torvmyr”. Der er gjort greie for torvstrøfabrikken som var i drift her tidleg på 1900-talet, og som på det meste sysselsette 10 mann. Fabrikken utnytta torv frå høgmyra, og det er att ei rekkje spor etter aktiviteten, som jarnbane-

skinner og restar av torvhesjer. På flyfoto kan ein også sjå nettverk av rette stripar etter torvtekta. Det store hòlet sentralt i høgmyra er også temmeleg sikkert eit resultat av torvtekt eller dreneringstiltak i samband med det.

Torvstikkingsfelta har forfalle mykje, og kulturlandskapsrapporten tilrår at dei vert rydda for lyng- og trevegetasjon for å halde seg synlege, og at snittflatene vert markerte og haldne opne. Rapporten tilrår at området vert merkt med opplysingsskilt, eventuelt at eit heilt bygdemuseum vert etablert på staden, med oppattsetjing av bygningar, og ser det som viktig å kunne syne i marka korleis eit torvtak i drift så ut, medrekna tørking av torv på hesjer.

Fylkeskommunen si kulturvernaving v/Knut Aaland har føreslege at den gamle skinnegangen vert restaurert med nye sviller, og at han då også vil kunne fungere som ferdselsveg for folk som vitjar området. For å ta vare på historia rundt torvstrøfabrikken, bør ein ikkje fjerne dei ulike framandelementa som ligg i terrenget kring jarnbana og området der torvhuset stod.

3.4.2 Gjeldande reglar

Verneforskrifta seier i § 5, punkt 6, at det etter søknad kan gjevast løyve til ”*Vedlikehald og skjøtsel av kulturminne*”.

3.4.3 Forvaltingsmål

Ei større restaurering av tidlegare torvtaksfelt, slik kulturlandskapsrapporten omtalar, vil kome i sterk motstrid med vern av høgmyra som naturtype. Torvdrifta har gjort store inngrep i overflata på høgmyra, og har skipla det som måtte ha vore av regelmessige hølje-/tuestrukturar. Ho kan temmeleg sikkert også ha endra noko av kvelvingsprofilen på myra.

Når det er så få høgmyrar (og knapt nokon heilt intakte) i Sogn og Fjordane, er det for ein stor del nettopp på grunn av slike og andre inngrep. Fylkesmannen meiner difor at den kulturhistoriske verdien av torvmyra i Sætremyrane bør ivaretakast på ein måte som ikkje grip for mykje inn i dei naturlege myrformene, og at ”såra” etter menneskeleg aktivitet bør få høve til å gro. Frå naturvernsynspunkt bør difor kulturvernet i dette området primært gå ut på å sikre gamle fotografi og annan dokumentasjon til bruk for publikum som vitjar området, kombinert med skånsam merking i terrenget. Restar etter bygningar og anna bør få liggje mest mogleg urørt, men Fylkesmannen er open for at ein bør kunne rydde vekk lyng- og trevegetasjon rundt dei slik at dei er lettare synleg. Likeins vil forvaltingsstyresmakta vere positiv til at slik vegetasjon vert fjerna frå gamle torvstikkingsrygger (då oppslaget vert forsterka av den kunstige dreneringsverknaden etter torvskjeringa), men vil ikkje opne for at gamle snitt vert haldne opne. Eventuell demonstrasjon av korleis torva endrar seg med djupna i eit djupnesnitt, og korleis torva vart teken ut, må såleis skje utanfor verna område.

Alt i alt ønskjer Fylkesmannen å gje høve til å ta vare på kulturminne etter torvstrøproduksjonen, og andre kulturminne, og dokumentasjon og formidling av kulturhistoria. Føresetnaden er at dette ikkje grip vesentleg inn i utsjånad, funksjon og naturlege prosessar i høgmyra eller det verna myrkomplekset som heilskap. Kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen er fagstyresmakt på kulturminne, og Fylkesmannen vil basere seg på deira råd når det gjeld ivaretaking av kulturminne. Der det kan vere tvil, bør Kulturavdelinga også ta stilling når det gjeld eventuelle framandelement som måtte finnast rundt om i reservatet, om dei bør liggje i fred som kulturminne, eller fjernast som boss.

3.5 *Friluftsliv*

3.5.1 *Status*

Sætremyrane framstår ikkje som noko spesielt attraktivt friluftsområde. Friluftslivet i området vil difor truleg i hovudsak avgrense seg til vitjing av reservatet og myrområdet ut i frå naturfagleg eller kulturhistorisk interesse, og litt jakt og fiske.

3.5.2 *Gjeldande reglar*

Jakt og fiske følgjer dei ordinære reglane i respektive lover. Vanleg, omsynsfull ferdsel er generelt tillate, men det er verdt å merkje seg forbodsreglane, at m.a. plukking av plantar, bålbrenning og ridning er forbode. Dessutan seier verneforskrifta (§ 3, punkt 5) at ”*Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement*”, er forbode, og at ”*Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av naturreservatet*”. Etter søknad kan forvaltingsstyresmakta til ein viss grad gje løyve (§ 5, punkt 5) til aktivitetar nemnde i § 3, punkt 5.

3.5.3 *Retningsliner for friluftsliv i Sætremyrane naturreservat*

Myr er gjennomgåande meir sårbar for terrengslitasje enn det meste av utmarka elles, og er normalt heller ikkje så attraktiv for t.d. turgåing, teltleirar og idrett. Fylkesmannen vil difor ikkje aktivt oppmuntre til auka ferdsel i naturreservatet. Eit viktig unntak er tilrettelegging for formidling av naturkunnskap og kulturhistorie, i den grad det kan gjerast i form av tilrettelegging av informasjonspunkt eller stiar på stader som toler noko meir trakk. Slike tiltak i regi av forvaltingsstyresmakta må drøftast med grunneigarane i førekant, for å unngå problem med t.d. trakk på innmark, uheldige parkeringar etc.

Med søknadspliktige tilstellingar i høve til forbodsregelen i § 3 pkt.5 forstår Fylkesmannen aktivitetar som ulike personar, organisasjonar og instansar har planlagt i førekant, og som dei har gjort kjent gjennom plakatoppslag eller kunngjeringar offentleg eller blant eigne medlemmer. Utferder med heile skuleklassar må også reknast som søknadspliktige. Ved tvil bør forvaltingsstyresmakta alltid kontakast.

Ved handsaming av søknader om organisert aktivitet vil Fylkesmannen vere restriktiv til aktivitetar som like godt kan leggjast til andre utmarksområde. Både orienteringsløp og utlegging av turorienteringspostar i verneområdet vert vurderte som søknadspliktige. Dette er aktivitetar som vil kunne føre til stor terrengslitasje, og som med føremon kan leggjast utanfor naturreservatet, og Fylkesmannen vil difor vere restriktiv.

Ein annan kategori av organiserte aktivitetar er dei som er knytte spesifikt til naturreservat-statusen og dei miljøverdiane som reservatet er oppretta for å verne. Dette kan vere alt frå lokale skuleklassar som har miljølære, eller naturfaglege organisasjonar som steller til ekskursjonar, og til kommersielle føretak som sel guida turar til interesserte turistar. Også slike grupper kan setje uakseptable spor i sårbart terreng. Samstundes ligg noko av verdien i å opprette naturreservat nettopp i høvet til at allmenta,

både bygdefolk og tilreisande, kan få formidla naturinformasjon. Fylkesmannen meiner løysinga ligg i å kanalisere ferdsla til dei stadene som best toler det, t.d. i form av naturstiar med tilrettelagt informasjon. Det er vanskeleg å seie i kva grad slitasje gjennom ferdsel vil verte eit problem i Sætremyrane, og Fylkesmannen ønskjer å bruke forvaltingsplan-perioden til å prøve ut løysingar og hauste røynsler. Dei som har planar om aktivitetar bør difor vende seg til Fylkesmannen.

Fylkesmannen vil ikkje gå inn for forskrift til regulering av ferdsla med mindre det oppstår dokumenterte problem som ikkje lèt seg løyse gjennom positive informasjons- og tilretteleggingstiltak.

3.6 *Motorferdsel*

3.6.1 *Status*

Slik Sætremyrane ligg, er det neppe særleg trong for motorferdsel, og motorferdsel er då heller neppe noko problem for naturkvalitetane i naturreservatet i dag.

3.6.2 *Gjeldande reglar*

Verneforskrifta § 3, punkt 4 seier at ”*Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.*” I dei fleste tilfella vil dette også vere forbode etter motorferdsellova.

3.6.3 *Retningslinjer for motorferdsel i Sætremyrane naturreservat*

Då myr generelt er sårbar for slitasje, vil Fylkesmannen vere restriktiv andsynes eventuelle søknader om motorisert ferdsel i naturreservatet. Køyning på barmark vil neppe verte gjeve løyve til, anten det gjeld henting av sjuke beitedyr, felt hjortevilt eller liknande. Brukarane må i staden planleggje ut i frå at naturreservatet ikkje er tilgjengeleg for motoriserte køyretøy. Moglege unntak vil kunne vere landing med helikopter på stader med fastmark, og der vegetasjonen har ein karakter som gjev høve til tilnærma sporlaus landing.

Også køyning på vinterføre kan føre til varige endringar i vegetasjonsdekket på myr, anten det skuldast samanpressing av snøen, eventuelt også av mosesjiktet, eller anna. Løyve til køyning på vinterføre vil difor normalt vere avgrensa til tilfelle der ein har eit djupt og frose snødekke, eller der køyninga er avgrensa til slitasjesterk fastmark. Eventuell køyning på vinterføre vil truleg i hovudsak vere knytt til skjøtselstiltak, spesielt til fjerning av gran, og forvaltingsstyresmakta bør vere nøye med å unngå å setje spor.

Etter at kraftlinene er omlagde i seinare år, er trongen for motorferdsel i samband med vedlikehald av kraftliner i reservatet redusert. Om det likevel skulle oppstå slik trong, vil Fylkesmannen stille strenge krav til gjennomføringa, m.a. når det gjeld alternative måtar å få arbeidet gjort. Vedlikehaldsarbeid som kan skje på frosen og snødekt mark, og som tiltakshavar er i stand til å vite om i god tid på førehand, bør visast til eigna årstid. Fylkesmannen kjenner ikkje til at reservatet inneheld andre bygningar og anlegg som det kan vere aktuelt med motorisert transport for vedlikehald av.

3.7 *Uføresette interesser og interessekonflikter*

I tillegg til dei ovanfor nemnde brukarinteressene eller bruksmåtane som på ulike måtar er handsama i verneforskrifta sine forbod, unntak eller dispensasjonsheimlar, vil det alltid kunne syne seg nye bruksmåtar og interessekonflikter, og situasjonar som ikkje er omtalte i verneforskrifta. Det er slike tilfelle den generelle unntaksheimelen i § 7, ” *spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga*”, er meint for. Denne unntaksheimelen er i mellomtida erstatta av naturmangfaldlova § 48, som seier at ” *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, ...* ”.

Vurderingsgrunnlaget går fram av naturmangfaldlova elles, der viktige moment m.a. er at avgjerda skal byggjast på kunnskap, eller føre-var prinsippet i den grad tilstrekkeleg kunnskap ikkje kan framskaffast.

I og med at Sætremyrane naturreservat ligg kloss opp til både bygningar, dyrka mark og Honndøla, reknar Fylkesmannen med at spørsmål om dispensasjon etter § 48 vil kome. Desse må vurderast ut i frå både føremål og karakter på tiltaket, og kva delar av reservatet som vert påverka. Nokre delar av reservatet framstår som særleg viktige å skjerme mot nye inngrep eller menneskelege endringar. Ut i frå den kunnskapen vi har i dag gjeld dette spesielt langs vestre delen av sørgrensa av reservatet. Her går den karakteristiske laggen som renn vestover, og er den naturlege dreneringsvegen for øvre (sørlegaste) delen av høgmyra. Naturvitskapleg og pedagogisk er det av stor verdi å sikre den naturlege soneringa frå myrflate via lagg til fastmark. Dette er ei utfordring i og med at både reservatgrensa og diverse menneskelege inngrep (som utfylling av grus- og steinmasse) til dels går inn i dette i dag. Ein annan del av reservatet som det kan vere grunn til å trekkje fram særleg, er den austlegaste delen av sørgrensa, der kjelder og kjeldemyrar spring ut under ein markert grusrygg.

Det bør også nemnast at nordgrensa for naturreservatet går i elvekanten av Honndøla, altså hovudelva i eit verna vassdrag. Sjølv om dette er fastmark, vil Fylkesmannen leggje vekt på unngå inngrep her, både for å fremje naturlege soneringar frå elva til fastmarka og vidare til myrane på sørsida, og ut i frå statusen til det verna vassdraget.

4 Tiltak for å fremje verneføremålet

4.1 Generelt

Å ta vare på eit høgmyrkompleks med naturleg plante- og dyreliv inneber etter Fylkesmannen si oppfatning at også skog og tresetnad i utgangspunktet bør få vekse og døy naturleg. Som hovudregel legg Fylkesmannen altså til grunn at det er dei naturlege prosessane, medrekna naturlege suksessjonar og syklusar, ein skal ta vare på, og ikkje eit statisk landskapsbilete. Jf. drøfting i kapittel 2. I og med at torvtekt kan ha endra ein del av dei naturlege prosessane og strukturane i Sætremyrane, bør det også vere eit mål at området skal først attende til naturtilstanden, anten passivt ved å late naturen ”lækje såra sine sjølv”, eller ved aktive, varsame tiltak for å påskunde naturaliseringa.

Naturlege soneringar av skog og tresetnad er ein interessant og instruktiv del av eit høgmyrkompleks. Saman med den verdien som ligg i fuktskogmiljø i låglandet, er det grunnen til at Fylkesmannen berre i mindre delar av reservatet legg opp til hogst i forvaltingsplan-perioden. Likevel kan det også miljømessig sett vere ønskjeleg å drive ein viss hogst på nærare definerte felt, både for å auke mangfaldet, og for å kunne studere kva ulik tresetnad har å seie for myrvegetasjon og vasshushaldning. Dette er tiltak og forskingsoppgåver som bør vente til ein har dokumentert tilstand og biologisk mangfald i naturreservatet noko grundigare, og meir opplagt viktige tiltak er gjennomførde.

Det er viktig å merkje seg at vern etter naturvernlova ikkje gjev heimel til å påleggje tiltak. Det er altså heilt klart forvaltingsstyresmakta (Fylkesmannen) som har ansvaret for gjennomføring av ulike tiltak som vert vurderte som viktige for å fremje verneføremålet.

4.2 Skjøtselstiltak prioriterte av forvaltingsstyresmakta.

4.2.1 Tiltak i prioritert rekkjefølgje

Ut i frå noverande kunnskap om området, prioriterer Fylkesmannen følgjande tiltak i Sætremyrane naturreservat, med nærare forklaring:

1. **Fjerning av gran og eventuelt andre framande artar.** Bør skje så snart som mogleg av omsyn til å redusere skadeverknader på naturleg vegetasjon og prosessar etter som granfelta veks seg store. Før dei vert fjerna, skal grunneigarane få høve til å avgjere om dei er interesserte i å ta trea ut sjølve i løpet av dei næraste åra, til juletre, ved eller anna. Gran over juletrestorleik bør som utgangspunkt vere vekke frå reservatet innan utgangen av 2013. Framdrifta bør likevel tilpasse seg tilgjengelege vinterdriftstilhøve (dersom uttransport er aktuelt), eventuelle ønske om deltaking/vyrkesutnytting frå grunneigarane, m.m. Småplantar som forvaltingsstyresmakta eventuelt vurderer å ikkje vere til skade for stadeigen vegetasjon og livsmiljø dei næraste åra, kan få stå til dei når juletrestorleik dersom grunneigaren ønskjer å nytte dei som juletre. Ved all fjerning/drift av gran må det leggjast vekt på å unngå skade på kringliggjande vegetasjon og terreng, der også fare for trakkslitasje på beresvak mark i samband med arbeidet må telje med. Dersom utdrift inneber stor fare for terrengslitasje og/eller urimeleg mykje ryd-

ding av stadeigen vegetasjon i driftstraseen, er alternativet å ringberkje granene på staden, og late dei stå som gaddar.

Einskildeksempelar av platanlønn er funne i reservatet, og bør røskast opp når ein ser dei (dersom det kan skje utan å rive opp for mykje av markoverflata). Dette kan gjerast av Fylkesmannen, SNO, grunneigarar eller andre, føresett at dei har tilstrekkeleg artskunnskap. Ved tvil om kva art ein har, gjeld fredinga. Funn av platanlønn (eller andre framande artar) bør dokumenterast med stad og dato, gjerne også bilete.

2. Fjerning av boss. Dei omtalte lastebilvraka vart henta ut med helikopter, og er såleis historie. Jakttårnet av tre bør fjernast. Metall- og trerestar m.m. i området for torvuttak og torvhus er viktige unntak, og skal få liggje til eventuelt kulturminnestyresmaktene vurderer at dei kan fjernast. Anna boss som måtte finnast i området bør takast ut etter som ein oppdagar det. Det gjeld m.a. nokre mindre delar som har lege att etter dei omtalte bilvraka. For eldre framandelement som det kan vere tvil om, bør fjerning vente til kulturminnestyresmaktene har identifisert og merkt kva som er kulturspor frå torvtakinga, og som ikkje bør rørast.

3. Mogleg restaurering etter tidlegare inngrep. Det kan vere aktuelt å t.d. aktivt fylle att bekkeløp som har vore gravne djupare før vernetidspunktet, dersom dei syner seg å føre til gradvis opptøring og/eller tre-oppslag i nærområdet sitt. Likeins kan det vere aktuelt å fjerne tre eller annen vegetasjon i torvtektsområdet dersom dette syner seg viktig for å reversere negative endringar som følgje av tidlegare torvtekt. For å unngå å gjere inngrep som er til større skade enn dei gamle inngrepa ein vil rette på, bør slike eventuelle tiltak ikkje skje før etter at ei grundigare undersøking av myrkomplekset og den naturlege dynamikken i det, er utført av fagfolk på myr- og myrtypar.

4.2.2 *Ansvarsfordeling og ressursinnsats for å gjennomføre tiltaka*

Det er Fylkesmannen som har ansvaret for fjerning av gran, med mindre grunneigarane ønskjer å gjere det sjølv. Sjølv om skjøtsel ikkje høyrer til kjerneoppgåvene til Statens Naturoppsyn (SNO) har lokalt SNO dei siste åra fått ei viktig rolle også i skjøtsel av naturreservat i Sogn og Fjordane. Lokalt SNO har opparbeidd kompetanse på fjerning av granfelt, og Fylkesmannen tilrår difor at dei får tildelt ansvaret (og pengane) for fjerning av gran i Sætremyrane etter samråd med grunneigar. Fjerning av boss som måtte finnast i små mengder spreidd i reservatet eignar seg for at Fylkesmannen eller SNO fjernar når dei kjem over det.

Grunneigarane skal så langt mogleg varslast i førekant av skjøtselstiltak (sjå naturmangfaldlova § 47). På den måten kan ein unngå at tiltaka vert gjennomførde på måtar som skapar unødige vanskar for brukarane. Ein kan oppnå at ressursar vert betre utnytta, og at forvaltinga kan nyte godt av røynsler og lokalkunnskap som grunneigarane har.

Dokumentasjon av kulturhistorie er ikkje Fylkesmannen sitt ansvarsområde. Her må såleis initiativet kome frå grunneigarar, kommunen og andre, ikkje minst fylkeskommunen si kulturavdeling, der sistnemnde har ansvaret for den faglege kvalitetssikringa.

Årleg ressursstrong for gjennomføring av skjøtselstiltak er vanskeleg å spesifisere. Dei første åra bør det setjast inn ein konsentrert innsats for å fjerne framande artar, som i all hovudsak er gran. Dersom desse oppgåvene kan gjerast av SNO, vil kostnaden primært vere eit spørsmål om kapasiteten til SNO og prioritering i høve til andre oppgåver. Dersom det er aktuelt å setje arbeid vekk som betalt oppdrag, bør grunneigaren ha førsteretten dersom han er interessert og kvalifisert, jf. naturmangfaldlova § 47.



Rikmyrsig med breiull

5 *Tilrettelegging, informasjon, forskning og undervisning*


5.1 *Stiar, skilting og informasjon*

Som nemnt under ”friluftsliv” er ikkje Sætremyrane noko utprega turområde. Derimot går det både bilvegar og gode turvegar i nærleiken av naturreservatet. Pr. i dag verkar det korkje naudsynt eller ønskjeleg å opparbeide særskilde stiar *gjennom* naturreservatet. Eit mogleg unnak er det gamle torvtektsområdet, der noko tilrettelegging kan vere aktuelt (sjå kapittelet om ”kulturminne”). Dette må skje på grunnlag av råd frå Kulturavdelinga, og ut i frå omsyn til kva naturkvalitetane toler.

For at folk som likevel ferdast i naturreservatet skal verte merksame på at dei er i verna område, vil Fylkesmannen setje opp standard-naturreservatskilt (med riksvåpen) på dei stadene det er mest sannsynleg at folk kjem inn i verneområdet, sjå tentativt kart. Sjølv om forvaltingsstyresmakta i følge naturmangfaldlova har rett til å setje opp slike skilt i eit verneområde, er det viktig at plasseringa skjer i samråd med grunneigarane og andre som kjenner og bruker området. På den måten kan ein best mogleg sikre både at skilta kjem på dei plassane der dei vil gjere mest nytte, og at dei ikkje vert til ulempe for ferdsel, eventuell skjøtsel etc.

Informasjon ut over den nemnde skiltinga bør i stor utstrekning kunne gjerast i form av ei informativ tavle oppsett på ein passande plass langs næraste større bilveg. Ny fylkesveg gjennom Hornindal er under planlegging, og Fylkesmannen har reist spørsmålet om etablering av ein rasteplass med informasjon. Vegvesenet ser det ikkje som aktuelt å lage nokon ordinær rasteplass på den aktuelle strekkinga, men Fylkesmannen vil sjå nærare på om det er mogleg å innpasse ei avkøryse til ein passande stad med utsikt til delar av myrkomplekset. Ved å setje opp informasjonstavle der vil ein kunne nå ut med interessant stoff til mange menneske, samstundes som ein ikkje oppmuntrar til unødige ferdsel og trakk i område som er sårbare for slitasje, eller der parkering ikkje er eigna eller ønskjeleg. Fylkesmannen vil i så fall samarbeide med kulturavdelinga for også å få med informasjon om historikken kring torvstrøproduksjonen.

Dersom det er ønskjeleg frå kulturminnesynspunkt, og grunneigarane ikkje har innvendingar, vil Fylkesmannen stille seg positiv til at det vert merkt ein sti for å kome til kulturminna etter torvindustrien. Føresetnaden er at det kan gjerast utan nemnande inngrep eller slitasje, men som ei enkel merking (t.d. raude band og nedsette stikker) som syner kvar folk skal gå. Eventuell opprusting av ”jarnbana” som gangsti bør avvente ei nærare myrfagleg undersøking av myrkomplekset, med vurdering av korleis dette best kan sikrast som naturtype.



Moglege plassar for naturreservat-skilt er merkte med stjerne.

Elles er Internett ein viktig plass for å formidle informasjon om både Sætremyrane og andre verneområde. Der vil ein også finne linkar til verneforskrifta og andre viktige kjelder. Også eit detaljert kart over grensepunkta, slik dei er innmålte og koordinatfeste av jordskifteretten, bør gjerast tilgjengeleg på Internett.

Det bør vere eit langsiktig mål å ta Internett i bruk også som ein toveges informasjonskanal, slik at folk som vitjar området også kan bidra aktivt sjølve med observasjonar og funn som aukar kunnskapen om området og kjem forvaltninga til gode. Dels gjeld det artsobservasjonar som folk bør leggje inn på www.artsdatabanken.no sine "artsobservasjonar", dels gjeld det informasjonar eller synspunkt og vurderingar som meir direkte bør rettast til Fylkesmannen eller Statens Naturoppsyn.

5.2 *Forskning og undervisning*

Nasjonalt arbeider miljøvernstyresmaktene for at høgmyr skal få status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova kap. VI. På oppdrag frå styresmaktene har difor NTNU Vitenskapsmuseet nyleg (Moen et al.) lagt fram fagrapportar om både høgmyr i innlandet og oseanisk nedbørsmyr, der status og utvikling for desse naturtypepane er diskutert, med framlegg til nasjonal oppfølging. Kunnskapsmangel er

eit grunnleggjande problem som forfattarane peikar på, og eit av dei tilrådde oppfølgingstiltaka er difor både å få betre totaloversikt over desse naturtypane, og å undersøkje kjende lokalitetar i meir detalj.

Sidan høgmyrar er så sjeldsynte å finne i fjordstroka på Vestlandet (og heller ikkje dei andre i Sogn og Fjordane er intakte) har Sætremyrane i alle høve verdi for forskning. Nærare utforsking og kartlegging av myrkomplekset, utført av fagfolk på myr- og myrtypar, er også langt på veg ein føresetnad for å oppfylle intensjonen om informasjon i kapittelet ovanfor. Det er viktig å kople forskning og undervisning saman ved at forskingsaktivitet og resultatane frå denne vert gjort tilgjengeleg for allmenta. Også Internett vil her kunne vere eit verdifullt medium. Verdien av denne informasjonen vil vere tosidig: Dels vil kunnskap om myra sin eigenart – som levande landform og økosystem – bidra til miljøinteresse og miljøforståing hjå både skular, bygdefolk og turistar. Dels kan skuleklassar og andre sjølve bidra til å auke kunnskapen om myra, gjennom t.d. observasjonar av fugleliv, innsamling av insekt, m.m.

Fylkesmannen ser det som interessant å få meir kunnskap om korleis myrkomplekset er danna gjennom tusenåra, noko som føreset nærare undersøkingar og djupnesonderingar. Den mineralske kvartærgeologien bør undersøkjast nærare, då mineralske og organiske avsetningar opplagt heng nær saman, både topografisk og funksjonelt. I tillegg til å kaste lys over danningshistorikk, og naturleg vokter og utvikling i myra, vil det kunne gje verdifulle haldepunkt for framtidig forvaltning og overvaking. Kunnskap om korleis myra har vorte til – og korleis torvmosar og andre organismar over tid har endra både landskapet og sitt eige livsmiljø – vil også vere interessant stoff å formidle til skuleklassar og andre.

Det bør truleg etablerast eit nett av overvakingsruter for vegetasjon, knytt opp mot viktige myrformer og strukturar, slik som t.d. lagg og kantskog og gradientar frå myrflate til fastmark, eller frå nedbørsmyr til jordvassmyr. På den måten kan moglege endringar følgjast over tid. Slike endringar kan vere både naturlege (knytte til at myra veks, eller til vekst og forfall hjå ulike plantar og tre, eller naturleg erosjon i myr), skapte av menneskeskapt luftureining og klimaendringar (t.d. auka nitrogennedfall, endra snøtilhøve, nedbørsmengder og temperaturar), eller resultat av menneskelege inngrep i sjølve Sætremyrane. I sistnemnde kategori er det rimeleg å vente moglege, langsiktige opptørkings- og forbuskingsverknader både av tidlegare torvtekt og av ein bekk som har vore graven djupare av menneske. Den tidlegare omtalte grøfta i sørvest ligg no utanfor verneområdet, og vert såleis ikkje regulert av verneforskrifta. Om grøfta skal fyllast att, som klimatiltak og/eller som bidrag til å attskape meir av det opphavlege myrområdet og den naturlege dreneringa nedstraums laggen, er det aktuelt å overvake eventuelle effektar på nærområdet i naturreservatet. I alle høve bør det grøfta arealet forvaltast på ein måte som ikkje reduserer verdiane i naturreservatet. Vidare vil ein kunne studere kor raskt tidlegare torvuttaksmerke gror att, og korleis ulike plantar og plantesamfunn dominerer i ulike stadium av ein slik prosess. Verknader av beiting bør også overvakast gjennom desse prøveflatene. I tillegg til å gje haldepunkt for eventuelle avbøtande tiltak i naturreservatet, vil slik overvaking kunne gje allmennyttig informasjon om klima og miljø på større skala, og interessant stoff til lokal naturformidling.

Sjølv om truleg myrtypane er meir spesielle enn artsmangfaldet i Sætremyrane, er det påvist nokre interessante artar (slik som rikmyr-plantar), og viktige delar av artsmangfaldet er ikkje undersøkt.

Når det gjeld fugleliv er Sætremyrane eit relativt lite og smalt område samanlikna med arealkravet som mange artar har. Det er difor ikkje sannsynleg å finne mange spesialiserte myr-artar blant fuglar i dette området, og det vil heller vere artar knytte til skog og kantsoner som vil prege fuglelivet. Ei nærare undersøking av fuglefaunaen vil like fullt vere interessant.

Det største potensialet innanfor utforska arts mangfald i Sætremyrane ligg truleg innanfor gruppa insekt og andre virvellause dyr. Ein god del artar er knytte til myr, og har gjennomgåande mindre leveområde enn fuglar. Såleis vil det vere interessant å få undersøkt arts mangfaldet innanfor ulike grupper av virvellause dyr. Små vasshøl i nedbørsmyr byr på spesielle livsmiljø, både ved å ha naturleg svært surt vatn, og ved at fisk manglar. Dette er viktige oppvekstplassar for m.a. dei iaugnefallande augestikkerane, som er ei spennande dyregruppe å byrje med å studere, både for born og vaksne.

Plantelivet (både karplantar og mosar) er den delen av biologien som er best utforska i Sætremyrane, etter som det er desse gruppene som vart nytta i registreringsfasen som grunnlag for å vurdere biologisk verneverdi (i tillegg til at plantane fortel mykje om vasskjemi og fysiske tilhøve på myr). Det må likevel understrekast at Sætremyrane, i motsetnad til dei fleste andre myrreservata i Sogn og Fjordane, ikkje vart undersøkt av spesialistar på mose og myrvegetasjon, og at det såleis kan vere mange fleire artar også av desse gruppene enn det som står i eksisterande artsliste.

Sopp og lav har ikkje vore undersøkt systematisk, og det vil vere interessant å vite nærare kva som finst innanfor desse gruppene.

Også kulturhistorie er interessant, t.d. når det gjeld verknader av gamle bruksmåtar, tresetnad og attgroing. Det vil vere av verdi å samle både gamle bilete, stadnamn og nedteikningar som kan dokumentere korleis området var tidlegare, og gjere dette tilgjengeleg for dei som ønskjer stoff om Sætremyrane naturreservat. Internett bør vere velegna til dette, der det då også er viktig at fotografar og andre bidragsytarar vert nemnde med namn.

Fylkesmannen oppmodar spesielt kulturminnestyresmaktene på kommune- og fylkesnivå, saman med interesserte grunneigarar, om å dokumentere og tilretteleggje historisk kunnskap om utnyttinga av torv i Sætremyrane. Kulturminnestyresmaktene bør i tvilstilfelle ta stilling til kva restar etter menneskeleg aktivitet som bør få liggje urørde på staden, og kva som bør fjernast som boss. Likeins bør kulturminnestyresmaktene vere med aktivt å gje råd om korleis kulturspora bør visast i terrenget.

5.3 Prioriterte tiltak som gjeld forskning, undervisning og informasjon.

Tiltaka er avgrensa til det som ligg innanfor Fylkesmannen sitt myndeområde. Tiltaka er sette opp i prioritert rekkjefølgje, men i røynda må rekkjefølgja på gjennomføringa tilpasse seg ein del usikre omstende, slik som kva midlar som vert løyvde årleg frå sentrale styresmakter, framdrifta på prosjekt hjå viktige samarbeidsparar (slik som Fylkeskommunen og Vegvesenet), og i kva grad fagfolk og/eller lokale ressurspersonar er tilgjengelege eller har kapasitet til å engasjere seg til ei kvar tid.

Ein grunnleggjande føresetnad er også at tiltaket ikkje må øydeleggje dei verdiane som utgjer føremålet med vernet. For alle aktivitetar som kan føre til ei viss uroing og slitasje i området, og som såleis krev særskilt søknad, er det avgjerande for forvaltingsstyresmakta å vurdere kva aktiviteten positivt bidreg med, for naturreservatet og naturtypen, i form av t.d. betre haldepunkt for kunnskapsbasert forvaltning.

1. **Skildring og kartavgrensing av dei ulike myrtypane** i naturreservatet, med viktige strukturar, fall og strøymingsmønster, helst i kombinasjon med ei skildring av kvartærgeologisk grunnlag og sannsynleg historikk for myrdanninga. Arbeidet må gjerast av fagfolk på myrformer, hydrologi og geologi. Dette vil også kunne gje svar på om det omtalte, store hòlet er naturleg eller skuldast torvtekt. Dette bør koplust til pågåande arbeid med nasjonale handlingsplanar for høgmyr og nærskyldte naturtypar, og eventuell status som utvald naturtype.
2. **Langsiktig overvaking av myr og myrvegetasjon.** Dette bør gjerne knytast tett opp mot det første tiltaket. Det er aktuelt å nytte eit nett av fastruter for vegetasjonsovervaking, kombinert med t.d. fotografering frå faste fotopunkt, eller annan for dokumentasjon av langsiktige endringar. Prøveflater bør truleg leggjast ut både på mest mogleg naturleg myrflate, og i tilknytning til tidlegare inngrep, og i kantsonene av myra, spesielt laggen i sørvest, og generelt langs viktige gradientar/økoklinar. I og med at mosar, ikkje minst dei mange artane av torvmose, gjev viktige indikasjonar om vasskjemi og andre miljøfaktorar, bør arbeidet gjerast av folk med god kompetanse på desse artsgruppene.
3. **Lage informasjonsplakat** i samarbeid med Vegvesenet og Fylkeskommunen, for oppsetjing på eigna plass i samband med ny fylkesveg, når ein har funne ei tenleg løysing på plasseringa. Ideelt bør delar av resultatata frå dei to ovanfor nemnde tiltaka liggje føre, slik at det faglege innhaldet i informasjonen vert best mogleg...
4. **Oppmuntre og støtte hovudfagsarbeid eller skuleprosjekt** (t.d. dekking av reisekostnader) som kan bidra til å auke kunnskapen om Sætremyrane som naturfenomen og økosystem, og artsmangfaldet i naturreservatet. Initiativet må kome frå interesserte personar og undervisningsinstitusjonar.

6 *Litteratur*

- Anonby, J. 2001. Framlegg til verneplan for myr i Sogn og Fjordane, rapport 4, 2001 – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Anonby, J. 2002. Verneplan for myr i Sogn og Fjordane – registreringar av alternativ-lokalitetar. Notat Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga, 23.10.2002.
- Fjeldstad, H. 2002 Kartlegging av biologisk mangfald i Hornindal kommune.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2002. Verneplan for myr i Sogn og Fjordane, fylkesmannen si saksutgreiing og tilråding 23.10.2002.
- Levende skog standard 1998. Internettside <http://www.levendeskog.no/pdf/gronn.pdf>
- Maurset, I.M.; Stenseth, H.G.; Austad, I. 1990. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport nr. 12. Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Moen, A., Lyngstad, A. og Øien, D.I. 2011, Faglig grunnlag til handlingsplan for høgmyr i innlandet (typisk høgmyr). NTNU Vitenskapsmuseet – Rapport botanisk serie 2011-3.
- Moen, A., Lyngstad, A. og Øien, D.I. 2012. Kunnskapsstatus og innspill til faggrunnlag for oseanisk nedbørsmyr som utvalgt naturtype. NTNU Vitenskapsmuseet – Rapport botanisk serie 2011-7.
- Sætren, Ola O., 2001. Sætren torvstrøfabrikk. Hornindal Historielag – Årsskrift 2001, s. 30-35.

Forvaltingsplanen har desse vedlegga:

- Vedlegg 1.: Verneforskrifta etter grenseendringsvedtak i DN 21.3.2012 (kopi frå lovdata.no).
- Vedlegg 2.: Gjeldande vernekart, dvs. kartet som grenseendringsvedtaket av 21.3.2012 viser til.
- Vedlegg 3.: Kart som syner nokre viktige myr- og terrengformer (grovt skissert!), inngrep m.m.
- Vedlegg 4.: Flyfoto (frå norgebilder.no) av den store høgmyra med nærområde, med ulike terrengformer, kulturspor og inngrep m.m. teikna på.

7 Forskrift om verneplan for myr i Sogn og Fjordane, vedlegg 1, freding av Sætremyrane naturreservat, Hornindal kommune, Sogn og Fjordane.

Fastsett ved kgl.res. 18. juni 2004 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet. Endra med forskrift 21 mars 2012 nr. 351.

§ 1. Avgrensing

Reservatet gjeld følgjande gnr./bnr.: 201/3, 202/1, 202/2 i Hornindal kommune.

Reservatet dekkjer eit totalareal på 388 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5 000 datert Direktoratet for naturforvaltning mars 2012. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og fredingsforskrifta er tilgjengeleg i Hornindal kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fylke, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

0 Endra med forskrift 21 mars 2012 nr. 351.

§ 2. Føremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit større myrområde i låglandet, med høgmyr og eit stort spekter av myrtypar med naturleg plante- og dyreliv.

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting eller såing er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyreartar må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og varige og midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, gjerde, jordkabler eller kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av reservatet til telteirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av naturreservatet.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande vegar er forbode.
7. Bålbrenning er forbode.

§ 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-,politi, brann-

vern-, rednings-, oppsynsærend, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Øvingskøyning i samband med slike føremål krev særskilt løyve.

Reglane i § 3 pkt. 1-3 er ikkje til hinder for:

2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt i samsvar med viltlova.
4. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfisklova.
5. Beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av naturreservatet.
6. Vedlikehald av bygningar og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
7.
 - a. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krev særskilt løyve jf. § 5 nr. 1.
 - b. Naudsynt istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
 - c. Oppgradering/fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet.

§ 5. Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nummer 3, 6 og 7 a og c.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsveggar.
3. Hogst av gran, og naudsynt motorferdsel i samband med dette.
4. Hogst og utdrift av andre treslag i samsvar med vedteken skjøtselsplan, jf. § 6.
5. Avgrensa bruk av reservatet som nemnt i § 3 nummer 5.
6. Vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
7. Oppgradering/fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 nr. 7 bokstav c.

§ 6. Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 7. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, for vitskapelege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

§ 8. Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

§ 9. Iverksetjing

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

